




Overordna handlingsplan mot vald i nære relasjonar



Tokke
kommune

Innhold

Arbeidsgruppa;.....	2
Innleiing	2
Mål for Tokke kommune	3
Begrepsavklaring.....	3
Vald	3
Vald i nære relasjonar	3
Omfang av vald i nære relasjonar	4
Barn og unge	4
Vaksne.....	5
Eldre og personar med nedsett funksjonsevne	6
Det kommunale tenesteapparat og ressursar.....	7
Det kommunale tenesteapparatet, ansvar og oppgåver.....	7
Samarbeidspartnarar og eksterne ressursar	8
OVERORDNA/GENERELLE TILTAK	11
TILTAK FOR BARN OG UNGDOM.....	12
TILTAK FOR VAKSNE.....	12
TILTAK FOR ELDRE OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE	13

Arbeidsgruppa;

Avdelingsleiar Ragna Iren Grave
Personalsjef Niina Laaksonen
Rektor Tone Lunde Skaalen
Styrarassistent i barnehage Anita Stenberg Mandt
Ungdomsarbeidar Tor Øystein Gravdal
Fagleiar i psykisk helse Elin Erikstein
Leiande helsesyster Birgitte Yndesdal

Innleiing

I Regjeringas handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2014-2017 «Et liv utan vold» oppfordrast kommunane til å utarbeide kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. Det er ei prioritert oppgåve for regjeringa å førebyggje og bekjempe vald gjennom å arbeide for eit tryggare, meir rettferdig og meir likestilt samfunn. Vald i nære relasjonar er straffbare handlingar i strid med norsk lov og grunnleggjande menneskerettar. Dette gjeld også vald som blir brukt til formål om å oppdra barn.

Vald i nære relasjonar har eit betydeleg omfang og eksisterer i alle sosiale lag, og er eit alvorleg samfunnsproblem både ut frå eit kriminalitets-, helse-, likestillings- og oppvekstperspektiv. Vald fører til liding, dei helsemessige konsekvensane kan vere omfattande og potensielt livstrugande. I tillegg til dei store konsekvensane for den einskilde har vald også store samfunnsøkonomiske kostnader.

I St.melding nr 26 (2014-2015) «Fremtidens primærhelseteneste – nærhet og helhet» går det fram at det Regjeringa vil forsterke arbeidet for å utvikle tenestane innanfor vald i nære relasjonar. Gjere ansvar tydeleg i lov, auke kompetansen og gjere dei kommunale helse- og omsorgstenestane betre i stand til å avdekkje og bekjempe overgrep.

Tokke kommune hadde i årsskifte 2014/2015 oppstart på arbeidet med vald i nære relasjonar.

Tokke kommune sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar framstiller fire målgrupper; barn og unge, vaksne og eldre og personar med nedsett funksjonsevne.

Denne planen har eit heilskapleg innhald omkring vald i nære relasjonar. Både valdsutsett og valdsutøvar vil vere målgruppe for planen. Dei valdsutsette er inga einsarta gruppe, heller ikkje valdsutøvaren. Vi finn dei i alle aldrar uavhengig kjønn, nasjonalitet, seksuell legning, funksjonsevne og sosial status.

I små kommunar med få innbyggjarar kan det vere vanskeleg å gjere grep på grunn av tettare relasjonar.

Mål for Tokke kommune

Tokke kommune skal ha tenestar som førebyggjer, avdekkjer og følgjer opp dei som er utsett for vald i nære relasjonar. Innbyggjarane i Tokke skal ha enkel tilgang på informasjon om hjelpeapparatet. Barn og sårbare menneske som ikkje sjølv kan seie i frå skal i størst mogeleg grad fangast opp av tenestane våre.

Hovudmål; Nulltoleranse mot vald

Delmål;

- Førebyggje vald gjennom tidleg innsats
- Heve kompetansen på å avdekke vald
- Godt tverrfagleg samarbeid
- Sikre gode prosedyrar
- Gi tilsette og innbyggjarar i kommunen oversikt over relevante tenester i hjelpeapparatet

Dette skal sikrast ved at tilsette i Tokke kommune har god kompetanse.

Begrepsavklaring

Vald

«Vold er enhver handling rettet mot en annen person som gjennom at denne handlingen skader, skremmer, smerter, eller krenker, får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje, eller slutter å gjøre noe den vil.» (Per Isdal, 2000.

Meningen med volden

Vald i nære relasjonar

Vald i nære relasjonar er eit standardisert omgrep der overgripar og offer er knytt til kvarandre ved nære familieband eller på annan måte betyr mykje for kvarandre i kvardagen.

Vald i nære relasjonar omfattar;

- Fysisk vald (eks: slag, spark, bitt, kvelartak, holdning, risting, vri armen, ørefik,...)

- Psykisk vald (eks: truslar, trakassering, kontrollerande åtferd eller sjalusi)
- Seksuell vald (seksuell trakassering, voldtekt, incest)
- Materieell vald (eks: knuse eller truslar om å øydelegge gjenstandar, slå i vegg/dør)
- Sosial vald (eks: begrense kontakten med venner, familie og naboar)
- Økonomisk vald (eks: kontroll over økonomiske ressursar)
- Æresrelatert vald (eks fysisk og psykisk vald til tvangsekteskap, kjønnslemlesting, bortføring og drap.
- Latent vald – frykt for at vald kan skje.

Omfang av vald i nære relasjonar

Barn og unge

Det er stor risiko for at barn som blir eksponert for vald og overgrep blir utrygge og får redusert helse og livskvalitet.

Haldning til vald er ulik i forskjellige kulturar. For nokon vil til dømes ikkje trugsmål og slag bli oppfatta som vald. Dette er likevel skadeleg. I Noreg er all form for vald ulovleg.



Forskning tyder på at barn som blir utsett for langvarig traumatisk stress kan få fysiologiske endringar i hjernen. Valdsutsette barn kan ha høg kvilepuls, dei kan få problem med merksemd, uro og impuls kontroll som blant anna kan føre til dårlege skuleprestasjonar og dårleg sosial meistring.



Det er dokumentert at det kan vere vel så skadelig å vere vitne til vald som å bli utsett for fysisk mishandling. Barn som er vitne til vald lever med den sama redsla, som om valden skulle ramme dei sjølve. Situasjonen kan påføre barnet eit liv med angst, depresjon, aggresjon, skam og hemmelegald. Valden er ikkje synleg for omverda, men for mange barn blir den sentrum i livet deira.

«Krenka barn blir sjuke vaksne som igjen krenkar sine barn»

Sitat: Ingrid Heggli (leiar for Statens barnehus i Ålesund)

Alt hjelpearbeid til barn som lever med vald inneber vurdering av tryggleiken til barnet. Det er naudsynt å ha kunnskap og kompetanse om vald for å gripe inn i livet til barnet. Målet er å auke utvikling og hindre vald.

Vaksne

Forskning om vald i nære relasjonar viser at valdsutøvaren oftast er mann og at den valdsutsatte oftast er barn eller kvinne. Menn kan og være utsette for vald av partnerane sine.

Gravide kvinner, som blir utsette for vald er ekstra sårbare, da valden truleg og vil ramme det ufødde barnet.

Vald rammar kvinner i alle aldrar. Situasjonen kan bli komplisera av tett samanheng mellom vald, hat og kjærleik. Ikkje sjeldan legg valdsutøvaren skuld over på den valdsutsette. I tillegg vil det kunne utvikle seg eit avhengighetsforhold som gjer det vanskeleg for den valdsutsette å koma ut av situasjonen.



ANGST

*Dette å bu under rasefjell,
alltid å stande på sprang.
Alltid å sjå mot den svarte urda,
som trugar meg dagen lang.*

*Aldri å sovne i tryggleik.
Aldri ein kveld i fred.
Dette å vente at jorda skjek seg
Og røysar mi livsvon ned.*

Dikt: Ingebjørg Kaasin Sandsdalen

Eldre og personar med nedsett funksjonsevne

Eldre kan bli utsett for vald frå personar som står dei nær og som dei er avhengige av. Vald kan og oppstå i omsorgstenestane. Det kan vere vald mot brukar frå tilsette og vald mot tilsette frå brukarar.

Vald i institusjonar kan også være vald frå brukar der ein annan brukar blir utsett.

Sjukdom og omsorgsbyrde kan vere ei medverkande årsak til at konflikhtar oppstår. Vald, mishandling og sjalusi kan ein og finne blant eldre.

Sjukdom, omsorgsbyrde og økonomi kan føre til at konflikhtar oppstår. Omsorgsvikt, mangel på hjelp og truslar for kva som kan kome til å hende med ein, kan og vere overgrep.

Tilsette treng naudsynt kompetanse for å avdekke vald og overgrep.

Det kommunale tenesteapparat og ressursar

Det kommunale tenesteapparatet, ansvar og oppgåver

Rådmannen har det øverste administrative ansvaret for at kommunen klarer å ivareta sitt ansvar når det gjelder oppgåver relatert til vold i nære relasjonar.

Oppgåver	Ansvar
Førebygge vald i nære relasjonar	Barnehagar, skular, SFO, vaksenopplæringa, jordmortenesta, pleie- og omsorgsteneste, helsestasjon, skulehelsetenesta, helsestasjon for ungdom, legetenesta, psykisk helsearbeid, NAV, flyktingtenesta. Alle kommunale tilsette som gjennom jobben får mistanke om vald i nære relasjonar.
Avdekkje og melde til barnevernet ved mistanke	Barnehagar, skular, SFO, vaksenopplæringa, jordmortenesta, pleie- og omsorgsteneste, helsestasjon, skulehelsetenesta, helsestasjon for ungdom, legetenesta, psykisk helsearbeid, NAV, flyktingtenesta. Alle kommunale tilsette som gjennom jobben får mistanke om vald i nære relasjonar
Avdekkje og melde til politiet ved mistanke	Barnehagar, skular, SFO, vaksenopplæringa, jordmortenesta, pleie og omsorgsteneste, helsestasjon, skulehelsetenesta, helsestasjon for ungdom, legetenesta, psykisk helsearbeid, NAV, flyktingtenesta. Alle kommunale tilsette som gjennom jobben får mistanke om vald i nære relasjonar.
Avdekkje, kartleggje og ev. sørgje for vidare oppfølging	Jordmortenesta, helsestasjonen, skulehelsetenesta, helsestasjon for ungdom, legetenesta, psykisk helsearbeid, NAV. Alle kommunale tilsette som gjennom jobben er involvera i saka.
Oppfølging av valdsutsette	Helsestasjon, legetenesta, psykisk helsearbeid, barnehagar, skular, SFO, vaksenopplæringa, pleie og omsorgstenesta. Alle kommunale tilsette som gjennom jobben er involvera i saka.
Oppfølging av valdsutøvarar	Legetenesta, psykisk helsearbeid. Alle kommunale tilsette som gjennom jobben er involvera i saka.

Samarbeidspartnarar og eksterne ressursar

For innbyggjaren i Tokke finst det ei lang rekkje tenester/instansar som jobbar med førebygging og/eller oppfylging av vald i nære relasjonar. Fleire av desse tenestene er sentrale samarbeidspartnarar for kommunen.

PPT – Pedagogisk-psykologisk teneste (tlf. 350 68 300)

PPT for Vest-Telemark, som ligg i Kviteseid, er eit felles kontor for kommunane i Vest-Telemark.

Sør-Øst politidistrikt (tlf. 02800)

Arbeidet til politiet mot familievald har høg prioritet. Det er egne koordinatorar for familievald og seksuelle overgrep ved alle politidistrikta, og politiet samarbeider med mange etatar og organisasjonar for å bekjempe denne typen kriminalitet.

Barnevernet (tlf. 35 05 54 00)

Barnevernkontoret for Vest-Telemark, som ligg i Kviteseid, er eit felles kontor for kommunane i Vest-Telemark. Telefona er mellom kl. 08.30-15.00 alle virkedagar. Frå kl. 16.00-08.00 og helger og høgtider kan ein kontakta barnevernvakta i Grenland på tlf. 116 111.

Familievernkontoret (tlf. 350 68 850)

Kontoret har som oppgåve å gje hjelp til familiar, par og enkeltpersonar som strevar med eller ynskjer å førebyggje vanskar knytt til samliv og samspel. Det er tilbod bl.a. sinnemeistringssamtalar med enkeltpersonar og sinnemeistringsgrupper.

Tannhelsetenesta (tlf. 350 72 480)

Tannhelsetenesta kan avdekkje fysiske skadar, særleg hos barn dei ser regelmessig.

Spesialisthelsetenesta bl.a.

Staten, ved dei regionale helseføretaka, skal sørge for at dei som har fast bustad eller opphaldsstad innan helseregionen får tilbod om spesialisthelseteneste i eller utanfor institusjon. Med spesialisthelsetenester meinast både somatiske tenester, psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmissbruk, uavhengig av om årsaka relaterer seg til vald og overgrep eller til andre forhold.

Krisesenteret i Telemark (tlf. 35 50 80 00)

Krisesenteret er ope 24 timar i døgnet heile året og kan tilby.

- Bemanna krisetelefon
- Samtalar på senteret
- Eit mellombels beskytta butilbod for kvinner, menn og barn
- Oppfylgingssamtale
- Nettverksgrupper
- Opplysningsarbeid i skular, lag og foreiningar

Overgrepsmottak (tlf. 35 00 35 00)

Overgrepsmottak er eit akuttillbod for ungdom og vaksne, kvinner og menn som nyleg har vore utsette for valdtekt, valdtektsforsøk eller liknande seksuell krenking. Mottaket som gjev hjelp til overgrepsutsette i Tokke kommune er i Skien på Sjukehuset Telemark HF.

Statens Barnehus Kristiansand (tlf. 99 25 71 61)

Barnehuset har ein intensjon om å vera eit kompetansehus for barn og ungdom som møter rettsapparatet. Det tilbyr:

- Tilrettelegging for domaravhøyr og medisinsk undersøking i barnevenlege omgjevnader.
- Spisskompetanse på seksuell overgrep, vald og vitne til vald i nære relasjonar
- Støtte, rettleiing, rådgjeving, konsultasjon og korttidsterapi
- Koordinering av samrådsmøte mellom instansar det vedkjem

RVTS Sør - Regionalt ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoedsførebygging

RVTS Sør skal hjelpe til å styrkje fagkompetansen til fagfolk slik at dei som slit med traume- eller sjølvmoedsproblematikk får betre hjelp. Dei tilbyr undervisning, rettleiing, konsultasjon og nettverksarbeid på tvers av etatar og forvaltingsnivå.

Nasjonalt Kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS)

Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress utviklar og spreier kunnskap og kompetanse. Føremålet er å hjelpe til å førebyggje og redusere dei helsemessige og sosiale konsekvensane som vald og traumatisk stress kan utløyse.

Senter mot seksuelle overgrep i Telemark (tlf. 35 58 88 80)

Senteret er eit støttesenter for menn, kvinner, gutar og jenter som har opplevd seksuelle overgrep. Dei gjev førebyggjande arbeid gjennom undervisning i ungdomsskular. Det er etablert ei kompetanseavdeling ved Senteret som skal sørge for undervisning og rettleiing til samarbeidande instansar.

Alarmtelefonen for barn og unge (tlf. 116 111)

Gratis naudtelefon for barn og unge som er redde eller har det vanskeleg heime. På vekedagar open kl. 15.00 til kl. 08.00. I helg er det ope heile døgnet.

Raude kross telefonen for barn og unge (tlf. 800 33 321)

Gratis tilbod til unge under 18 år som har eller kjenner nokon som har det vanskeleg eller som har behov for å snakke med ein vaksen. Open kl. 14.00-20.00 alle kvardagar.

Raude kross telefonen om tvangsekteskap og kjønnslemlesting (tlf. 815 55 201)

Dei gjev informasjon og rettleiing om korleis dei som ringar kan forhalde seg til situasjonar der tvangsekteskap, kjønnslemlesting og æresrelatera vald hender.

Mannstelefonen (tlf. 22 34 09 60)

Mannstelefonen er den eldste telefontenesta i landet, spesielt retta mot menn. Telefonen tek i mot spørsmål frå menn som bl.a. er utsett for vald og/eller har problem med sinnemeistring.

Vern for eldre - nasjonal kontakttelefon (tlf. 800 30 196)

Tilbodet er gratis. Alle over 62 år som står i fare for eller er utsett for overgrep, kan ringe for å få råd, rettleiing og hjelp. Pårørande eller andre som har mistanke om overgrep mot eldre, kan òg ringe.

Incestsenteret i Vestfold (tlf. 800 57 000)

Landsdekkjande døgnopen telefon for incest- og seksuelt misbruka og deira pårørande. Gratis frå fasttelefon og Telenor mobil.

Kyrkja i Tokke kommune (tlf. 350 75 200)

Prostidiakonen tlf. 91113580

Sokneprest tlf. 95237673

Beredskapstelefon prestane i Vest-Telemark tlf. 47471500

OVERORDNA/GENERELLE TILTAK

TILTAK	ANSVAR	TID
Utarbeide opplysningsbrosjyre/informasjonsbrosjyre Brosjyre skal ligge lett tilgjengeleg på offentlege stader	Arbeidsgruppa vald i nære relasjonar	12/2017
Kommunalt planarbeid Tema vald i nære relasjonar må bli tatt opp og handsamasa i det kommunale planarbeid (barne/ungdomsplan, rusmiddelpolitisk handlingsplan, helse og omsorgsplan o.a)	Helse og omsorgssjef Oppvekstsjef Kommuneoverlege	Ved utarbeiding og rullering av planar
Sikre god kompetanse hos tilsette Internundervising, eksterne kurs, temadagar, oppdatera tilgjengeleg litteratur/fagbøkar, tverrfagleg samarbeid	Helse og omsorgssjef Oppvekstsjef Kommuneoverlege	Kontinuerleg påfyll (skal bli prioritet)
Utarbeide og implementere prosedyrar Kvar einskild avdeling må ha oppdatert prosedyre for handtering av vald/mistanke om vald innan sitt fagområde. Prosedyra har og som mål å avdekke vald	Fagleiar/avd.leiar i kvar avdeling i samarbeid med etatsjef	2017/2018
Tverrfagleg og tverretatleg samarbeid Organiserte samhandlingsarena. Skriftleg gjera samhandlingsrutinar. Viktige instansar i dette samarbeidet er: Skule, barnehage, lege, helsestasjon, psykisk helse/rus, omsorgsavd, barnevern, politi, PPT og tannhelsetenesta	Helse og omsorgssjef Oppvekstsjef	2017/2018
Samarbeid fritidstilbod, ideelle organisasjonar Gode samhandlingsarenaer i kommunen. Idrettslag, kultur, interesseorganisasjonar, kyrkje o.a	Rådmann	
Sikre gode rutinar og kunnskap om når og korleis ein melder vald vidare til politi, barnevern og spesialist helseteneste Utarbeide rutinar for varsling ved mistanke om overgrep	Helse og omsorgssjef Oppvekstsjef	2017/2018
Forankring i leiing Alle med leiarjobb må ha eit tydeleg fokus på planen, og gjere sine tilsette bevisst på dette arbeidet.	Helse og omsorgssjef Oppvekstsjef Fagleiarar	Kontinuerleg

TILTAK FOR BARN OG UNGDOM

<p>Barn som pårørende I møte med vaksne som misbrukar rusmiddel og/eller har psykiske vanskar er det viktig å kartlegge om det er barn som pårørende</p>	<p>Fastlege/legevakt Helsestasjon Psykisk helse/rus Skule Barnehage Miljøarbeidar Politi Barnevern</p>	<p>Kontinuerleg</p>
<p>Rettleiing av føresette Gje føresette og vaksne gode verktøy i rolla som føresette. Foreldrerettleiing t.d. TIBIR</p>	<p>Helsestasjon Psykisk helse/rus Skule Barnehage Barnevern</p>	<p>Kontinuerleg</p>
<p>Direkte møte med føresette og barn/ungdom I konsultasjon frå 0-18 år er vald i nære relasjonar tema</p>	<p>Helsestasjon Psykisk helse/rus Skule Barnehage</p>	<p>Kontinuerleg</p>

TILTAK FOR VAKSNE

<p>Gi kunnskap/opplæring om vald Kva er vald? Kva kan ein gjera om ein vert utsett for vald? Viktig at også menneskje frå andre kulturar kjenner til norsk lov i.fht vald i nære relasjonar</p>	<p>Fastlege Helsestasjon Psykisk helse/rus Flyktingkoordinator Skule Barnehage</p>	<p>Kontinuerleg</p>
<p>Sett fokus på samanhengen mellom rus og vald Gjennom ruspolitisk handlingsplan og folkehelsearbeid sette fokus på rusmiddelbruk og korleis ein kan førebyggje og avgrense uheldige verknader av rusbruk</p>	<p>Fastlege Helsestasjon Psykisk helse/rus Flyktingkoordinator Skule Barnehage</p>	<p>Kontinuerleg</p>
<p>Snakk om vald/spør direkte Tilsette i Tokke kommune skal ha fokus på avdekke vald, gjennom spørsmål og observasjonar</p>	<p>Alle</p>	<p>Kontinuerleg</p>
<p>Legge til rette for hjelp og behandling til valdsutøvarer og valds utsette Legge til rette for sinnemeistringskurs, samtaler og behandling. Lokalt og i samarbeid med spesialist t.d. familievernkontor, alternativ til vald, psykologtenesta o.a</p>	<p>Fastlege Helsestasjon Psykisk helse/rus Omsorgsavd. Leiarar i Tokke kommune</p>	<p>Kontinuerleg</p>

Snakk med gravide om vald i nære relasjonar. I konsultasjon skal tema om vald bli tatt opp med gravide	Jordmor Fastlege	Kontinuerleg
Snakk med foreldre om vald	Helsestasjon Barnehage Skule Psykisk helse/rus Barnevern helsestasjonslege	

TILTAK FOR ELDTRE OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Informasjon til demente og deira pårørande Tema må inn i kartleggingssamtaler ved tildeling av tenestar	Helse og omsorgssjef Avd.leiarar Sjukepleiarar Vernepleiarar	Kontinuerleg
Informasjon til bebuare i kommunale institusjonar og menneske som mottar heimetenestar Dette kan vera ei sårbar gruppe som grunna endra livssituasjon kan bli utsett for vald, eller vera utøvar av vald	Helse og omsorgssjef Avd.leiarar Sjukepleiarar Vernepleiarar	Kontinuerleg
Auke kunnskapen om vald mot eldre og menneskjer med nedsett funksjonsevne hos helsepersonell	Helse og omsorgssjef Avd.leiarar Sjukepleiarar Vernepleiarar	Kontinuerleg